



Foto: Byggenytt

FAKTA- ARK

STATSARKIVET I BERGEN

NYTT MAGASINBYGG OG REHABILITERTE LOKALE

Etter ein byggjeperiode på litt over to år står nytt magasin og mottaksbygg ved Statsarkivet i Bergen ferdige. Dei eldre verneverdige bygningane er òg rehabiliterte.

Prosjektet har vore todelt. Første delen var å bygge eit nytt magasinbygg under bakkenivå og eit tilbygg med mottakssone, konserveringsavdeling og kontor. Andre delen har vore full rehabilitering og ombygging av eksisterande bygg der det mellom anna er laga ny hovudinngang, nye publikumsareal og kontor og fasilitetar for dei tilsette.

Statsbygg har vore byggherre for prosjektet.

HISTORIE

Statsarkivet i Bergen er ein del av Arkivverket og tek hand om eldre arkivmateriale frå statlege organ og private arkivskaparar på lokalt og regionalt nivå i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Statsarkivet i Bergen har ei lang historie som kan daterast tilbake til 1879 då Stortinget vedtok å opprette eit stiftsarkiv i Bergen. Stiftsarkivet heldt til i den gamle fattigskolen Betlehem på Klosteret, men i 1921 flytte dei til eit nytt bygg i Årstadveien 22. Arkitekten bak bygget var Egill Reimers (1878–1946). Nybygget vekte oppsikt, og i 1924 blei Reimers tildelt Houens legat for arbeidet.

I 1919 endra Stiftsarkivet namn til Statsarkivet i Bergen.

I april 1940 tok Wehrmacht over bygningen i Årstadveien 22 og gjorde han til hovudkvarter for dei tyske land-

stridskreftene på Vestlandet. Bygget huste òg bykommandanturet og den tyske feltkrigsretten. Tyskarane bygde mellom anna eit større bunkersanlegg og eit garasjeanlegg på tomta. Då tyskarane kapitulerte i mai 1945, etterlét dei seg fleire bygningar. Somme av desse blei rivne, mens andre er freda som ein del av bygningsmassen.




Foto: Trond Isaksen



Foto: Byggenytt



Foto: Byggenytt




Foto: Trond Isaksen



Foto: Trond Isaksen

BYGGJESAKA

På grunn av plassmangel blei det i 1992–1993 bygt eit magasin på austsida av bygget frå 1921, men etter kort tid blei det klart at magasinkapasiteten var i ferd med å fyllast opp, og at dei eldste magasinane ikkje tilfredsstilte krava i arkivloven. Kontor og personalrom hadde ikkje tilfredsstillande ventilasjon og standard. Publikumsareala og areala for dei tilsette tilfredsstilte ikkje krava vi har i dag til tilgjenge for alle.

I mai 2002 fekk Statsbygg i oppdrag å utarbeide funksjons- og byggjeprogram. Byggjeprogrammet blei endelig godkjent i januar 2006. Ein hadde då vore igjennom tomteanalyser, mellom anna vurdering av naboareal og ulike vurderingar knytte til utnytting og riving av delar av eksisterande bygningsmasse. Statsbygg hadde i denne perioden òg gjennomført oppdrag med å erverve kommunal naboeigedom, rive eksisterande bygg på denne i tillegg til å ha gjennomført arkeologiske utgravingar på denne eigedommen. Byggjeprogrammet blei òg på nokre punkt revidert etter at prosjekteringa var starta.

NYBYGG

I mars 2005 fekk Statsbygg i oppdrag å prosjektere eit nybygg. Det blei bestemt å gjennomføre prosjektet i totalentreprise med samspel. Konkurransen blei utlyst, og fire entreprenørar med prosjekteringsgrupper blei prekvalifiserte og fekk levere sine forslag til løysing.




Foto: Trond Isaksen

Vinnargruppa fekk så føre forslaget fram til forprosjekt med målsumstilbod. Forslag til forprosjekt med kostnadsramme blei sendt til Kulturdepartementet i mai 2007. På grunn av sterk prisvekst i marknaden og økonomiske prioriteringar blei prosjektet da sett på vent.

I april 2009 fekk Statsbygg i oppdrag å vidareføre prosjektet. Prosjektet måtte reviderast på somme punkt på grunn av endra brukarbehov og nye tekniske krav. Kostnadsramma blei godkjend av Finansdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet, og oppdrag om å setje i gang bygging blei gitt av Kulturdepartementet i mai 2010.

Byggjearbeida blei starta i august 2010, og nybygget, beståande av nytt underjordisk magasin og tilbygg med ny konserveringsavdeling og nytt mottak, stod ferdig i desember 2011. Brukaren flytte då inn i nybygget og ein del av anleggsriggen slik at 1921-bygningane kunne tømmast.



Foto: Byggenytt



Foto: Trond Isaksen

I desember 2011 starta renoveringa av dei eldre bygningane, som blei ferdigstilte oktober 2012. Det har vore ei relativt lang byggetid, men ønsket til brukaren om full drift på Årstad under byggjeperioden har gjort dette nødvendig.

Parallelt med prosjektgjennomføringa har ein òg arbeidd med landsverneplan for kulturbygg, og det har komme framlegg om freding av eksteriøret til anlegget, delar av interiøra og hageanlegget.

Brukaren har teke aktivt del i prosjekteringa. At brukaren har vore til stades i anlegget, med eigen brukarkoordinator, har gjort vegen fram til avgjerder kort, og det har vore ein openberr styrke for prosjektet.

Riksantikvaren har følgd prosjektet frå tidleg i prosjekteringa. I gjennomføringsfasen har det vore jamlege møte og tett dialog om løysingar. Samarbeidet har fungert svært godt.

Særskilde utfordringar i anleggsfasen har vore ein trong byggjeplass med bustader og barneskole som nærmaste nabo og uttransport av store mengder sprengingsmasse. Ein stor gammal vassleidning nær byggjegropa med mykje sprenging representerte òg ein risiko.

I forprosjektfasen blei det gjennomført antikvarisk registrering og fargearkeologiske undersøkingar. Avveginga mellom tilbakeføring av 20-tallsinteriøra med mørk fargemetta palett og ønske om lyse tidsmessige kontor har vore krevjande, men ein har komme fram til

gode kompromiss. Fire rom er tilbakeførte til den opphavlege fargepaletten i den gamle administrasjonsbygningen, mens det er valt lysare fargar som òg er funne i anlegget, i dei andre romma. Det er òg jobba med god lyssetjing og valt lyse gardiner. Resultatet er blitt gode arbeidslokale.

Transformeringa av den tidlegare magasinbygningen med innpassing av nye funksjonar, kontor og lesesal har òg kravd kompromiss og spesielle løysingar for tekniske framføringar og romkrav. Resultatet har trass dette blitt særeigne og spennande kontorløysingar og eit staseleg nytt publikumsanlegg.

UNIVERSELL UTFORMING

Det er lagt vekt på at bygningen skal vere universelt utforma. Formelt er bygningsmassen omsøkt etter tidlegare forskriftskrav, men fleire tiltak ut over dette er bestemt implementert i løpet av byggjefasen, mellom anna leielinjer, trinnmarkering og kontrasthaldningar i fargesetjinga.



Foto: Byggenytt

FAKTA OM BYGGJEPROSJEKTET**Byggjeperiode:**

August 2010 - desember 2012

Oppdragsgivar:

Kulturdepartementet

Byggherre:

Statsbygg

Brukar:

Statsarkivet i Bergen

Kostnadsramme:

206 MNOK (kroneverdi mars 2011)

Areal:Nybygg: 3375 m² (BRA)Rehabilitering: 2763 m² (BRA)**Arkitektar:**

NAV AS Arkitekter MNAL

VY as arkitektur

Rådgivande ingeniørar i:**- byggjetechnik:**

Siv.ing. Bjarte Fyllingen AS

- VVS-teknikk:

Miljøconsult AS

- elektroteknikk:

Multiconsult AS / SWECO AS

Totalentreprenør:

OBAS Vest AS

**KONTAKTPERSONAR I
STATSBYGG****Prosjektleder**

Kjersti Sandvik

415 42 278

Kommunikasjonsrådgivar

Mette Nordhus

900 30 577



Foto: Byggenytt



Foto: Byggenytt




Foto: Tom Myrvoid/Statsarkivet i Bergen



Foto: Egil Arnesen/Statsbygg




Foto: Byggenytt




Foto: Byggenytt

"Statsark-et", Tor Børresen